



Vertskapet lengst inne i det utvida lokalet

Sundag vart kafeen SAJA på Brekkeskroa gjenopna med meir en dobla kapasitet - han er utvida frå 20 til 50 plassar. Jurgita Zemaitaitiene og Arunas Zemaitaitis satsar friskt og håpar på godt besøk etterkvart sjølv om det ikkje er nokon kafekultur i Uskedalen, Paret lokkar med uendra meny som inneheld ikkje færre enn 21 rettar med ein prisvariasjon frå 80 til 220 kroner.

Det er 8 kjuklingrettar, 4 frå svin, 3 med laks som basis og 2 kebabrettar og dei som har testa menyen har mange lovord.

Jurgita og Arunas kan imidlertid ikkje ynskje velkommen til gjester i sjølve julehelga for då skal dei heim til Litauen og ein familiemarkering. Men dei kjem att like over nyttår.

Etter den siste utvidinga er det no kafe i heile fyrste høgda og det er klart at vertskapet også driv i ein annan bransje. Alt er gjennomført med smak og stil.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Julestemning i Saja